

- KUNNGJERING -

Fleire søkjarar - Søknad om løyve til å bygge tre småkraftverk i Lærdal kommune

NVE har mottatt søknadar frå fleire søkjarar om løyve etter vassressurslova til å bygge tre småkraftverk i Lærdal kommune. Småkraftverka vil samla gje ein årleg kraftproduksjon på om lag 63 GWh. Dette svarar til straumbruken til om lag 3150 husstandar.

Søknaden med vedlegg er lagt ut til offentleg ettersyn Servicetorget i Lærdalsøyri og på NVE sine nettsider www.nve.no/konsesjonssaker fram til høyringsfristen går ut. Om du ønskjer papirutgåve av søknaden, ta kontakt med søkjarane, sjå tabell. Fråsegn kan sendast oss elektronisk via www.nve.no/konsesjonssaker, per e-post til nve@nve.no eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo innan **20.5.2016**.

Søknad	Søkjar	Kontakt	Installert effekt (MW)	Produksjon (GWh/år)
Tynjadalen kraftverk	Tynjadalen kraftverk	Knut Skår, tlf. 93223836	9,6	22,7
Fosseteigen kraftverk	Fosseteigen kraftverk	Knut Skår, tlf. 93223836	6,2	16,3
Øvre Kvemma kraftverk	Lærdal og Aurland Grønnkraft AS	Jon Olav Volden, tlf. 97161427	9,4	24,3